

# Vestlandsrådet

## **Årsmelding 2023**

## Forord

### På samferdselsområdet er vi sterke saman

For første gang var Vestlandsrådet i 2023 representert med eit eige arrangement på Arendalsveka. Dette arrangementet var med på å synleggjere det formelle regionalpolitiske samarbeidet på Vestlandet på ein god måte. Denne gongen inviterte Vestlandsrådet til eit informasjons- og drøftingsmøte om kompetansebehovet knytt til utvikling av havvindnæringa i landsdelen. Arrangementet var godt besøkt, med tydeleg engasjement blant innleiarar og deltakarar.

Vestlandsrådet har også handsama og sendt inn fråsegner til statlege styresmakter på fleire viktige samarbeidsområder for landsdelen. På enkelte områder er det også gjennomført formelle møter med sentrale aktørar i etterkant. Viktige døme på dette er arbeidet på tvers av fylkesgrensene om uttale til nytt inntektssystem for fylkeskommunane, samt dei finansielle rammene for innføring av krav om nullutsepp av klimagassar frå ferje- og snøggbåtdrifta.

Det er og viktig at Vestlandsrådet har uttalt og markert felles transportprioriteringar for Nasjonal transportplan 2025-2036. Det er kanskje på samferdselsområdet vi saman er sterkast, og ikkje minst ved å løfte fram opprusting og ferjefri E39 som ei nasjonal prioritering og satsing. Dette er eit gjennomgåande vegsamband som er svært viktig for verdiskapinga langs vestlandskysten. Det vil alltid vere ei viktig oppgåve for Vestlandsrådet å flagge satsing på E39 høgt, saman med rassikring, ferje- og snøggbåtdrift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Eg takkar alle for innsatsen i 2023, og ynskjer Møre og Romsdal lykke til med leiarskapet i 2024 for det nye Vestlandsrådet 2024-2027.



Jon Askeland

Leiar av Vestlandsrådet 2023

## 1.0 Om Vestlandsrådet

Vestlandsrådet har i 2023 bestått av følgjande medlemmer;

Fylkeskommune	Fast medlem
Vestland	Jon Askeland, Sp, leiar
Vestland	Natalia Antonia Golis, MDG
Vestland	Anne Gine Hestetun, A (midlertidig fritak) *
Vestland	Trude Brosvik, KrF
Vestland	Silja Ekeland Bjørkly, H
Vestland	Terje Søviknes, Frp
Rogaland	Marianne Chesak, A
Rogaland	Solveig Ege Tengesdal, Krf
Rogaland	Arne Bergsvåg, Sp
Rogaland	Alexander Rugert-Raustein, MDG
Rogaland	Ole Ueland, H
Rogaland	Margrete Dysjaland, Frp
Møre og Romsdal	Tove-Lise Torve, A**
Møre og Romsdal	Line Hatmosø Hoem, A
Møre og Romsdal	Randi Walderhaug Frisvoll, Krf
Møre og Romsdal	Anne Marie Fiksdal, Frp
Møre og Romsdal	Anders Riise, H
Møre og Romsdal	Jan Ove Tryggestad, Sp

\*Arve Helle (A) har møtt i Anne Gine Hestetun sitt fråvær.

\*\*Tove-Lise Torve fekk fritak frå vervet som medlem i Vestlandsrådet frå 25. april 2023. Fylkesvaraordførar Kristin Sørheim (Sp) vart vald som nytt medlem i rådet frå Møre og Romsdal.

Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, har hatt leiarvervet i Vestlandsrådet i 2023.

Fylkesdirektør Rune Haugsdal, Vestland fylkeskommune har innstilt i saker til Vestlandsrådet, og sekretariatet har vore leia av seniorrådgjevar Thorbjørn Aarethun, Vestland fylkeskommune.

I 2023 har det vore gjennomført 2 digitale fjernmøter og eitt fysisk møte i Vestlandsrådet, der i alt 11 politiske saker har vore handsama. Arbeidsutvalet (AU) med dei tre fylkesordførarane har hatt til saman 7 møter.

## 2.0 Viktige saker i Vestlandsrådet 2023

### 2.1 Oppfølging av næringsstrategien

Vestlandsrådet vedtok i 2022 å rekruttere prosjektleiar i eit 3-årig engasjement knytt til oppfølging og realisering av vedteken «Næringsstrategi for Vestlandet». Tilsett prosjektleiar sa opp og slutta i stillinga like før årsskiftet 2022/2023.

Gjennom ein intern rekrutteringsprosess vart Iver Jan Leren, Rogaland fylkeskommune, tilsett i eit engasjement som ny prosjektleiar for oppfølging av næringsstrategien.

På møte i Vestlandsrådet, 11. april 2023, vart det vidare arbeidet med næringsstrategien sett på dagsorden med fleire innleiarar og presentasjonar.

Rektor på Norges Handelshøgskule, Øystein Thøgersen tok utgangspunkt i Vestlandsrådet sin næringsstrategi og presenterte perspektiv på nasjonale og regionale rammevilkår for Vestlandet som omstillings- og vekstregion.

Vidare presenterte div.dir. Ingelin Drøpping i Innvoasjon Norge, tankar om Vestlandsrådet som samarbeidspartner for omstilling og vekst på Vestlandet, og til slutt hadde avd.dir. Ivar Rekve i Eksfin ein gjennomgang av korleis statleg medfinansiering for grønn omstilling og eksportvekst kan bidra til å sikre Vestlandet sin posisjon som eksportregion.

## **2.2 Flaumsikring av fylkeskommunal infrastruktur**

Vestlandsrådet sette flaumsikring av fylkeskommunal infrastruktur på dagsorden med utgangspunkt i at særleg Vestlandet i åra framover vil få hyppigare ekstreme naturhendingar i form av blant anna styrtregn, flaum og skred, som påverkar kritisk infrastruktur. I tillegg til dei økonomiske konsekvensane påverkar det og tryggleiken til befolkninga. Det er utfordrande å finne økonomisk handlingsrom for å klimatilpasse fylkesvegnettet, då dette kjem i tillegg til kostnaden til det store vedlikehaldsetterslepet i dei tre fylka.

Fylkeskommunane vert stilt i ein svært krevande situasjon når statlege myndigheiter, som NVE, oppfordrar til å gjere utbetringar på infrastruktur knytt til fylkesvegnettet, som ellers ikkje ville blitt prioritert. Vestlandsrådet ser det som uheldig at NVE planlegg tiltak som pressar fram store kostnadar hos andre som eig og forvaltar konstruksjonar ved elveløp.

Som eit innspel til den varsla stortingsmeldinga om flom- og skredpolitikken, våren 2024, har Vestlandsrådet oversendt uttale til olje- og energiministeren og aktuelle stortingsrepresentantar. Her vert behovet for ei endring i den statlege tilskotsordninga for flaumsikring understreka, der også finansiering av tiltak på fylkeskommunal infrastruktur for flaumsikring av vassdrag vert inkludert.

## **2.3 Nytt inntektssystem for fylkeskommunane**

Fylkeskommunane var invitert av Kommunal- og distriktsdepartementet til å avgje høyringsuttale til ekspertutval sitt forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane. I tillegg til dei fylkeskommunale uttalane vart det også handsama slik uttale i Vestlandsrådet AU etter fullmakt av rådet.

Vestlandsrådet meiner at forslag til nytt inntektssystem ikkje bidreg til utjamning av ufrivillige kostnadsforskjellar, og likeverdige og gode tenester til innbyggjarane. Etterslepet i vegvedlikehald på fylkesvegane er formidabelt, og Vestlandsrådet minner om ambisjonen i Hurdalsplattforma om å redusere dette. Då må ein sørge for ei kraftig opptrapping av midlar til dette formålet, og ikkje berre omfordele mellom fylka.

Det er stort sett kystfylka som taper på det nye forslaget til inntektssystem, med Finnmark som eit unntak. Årsakene til det er samansett, men felles for alle kystfylka som går med tap, er det nye kriteriet «Trenghetsfaktor» i kollektivnøkkelen som i all hovudsak favoriserer Oslo og Akershus.

Vestlandsrådet meiner metoden som er nytta for å komme med anbefalt kriteriesett i nytt inntektssystem ikkje er forsvarleg. Vestlandsrådet støttar verken metoden som er nytta eller resultatane som kjem fram i analysen for å komme med anbefalte kriteriesett for utgiftsutjamninga.

## **2.4 Vedlikehald av fylkesvegnettet**

På første rådsmøtet i 2023 vart denne saka sett på dagsorden med tanke på eit politisk utspel inn mot arbeidet med statsbudsjettet for 2024.

Klimaendringane medfører at særleg Vestlandet vil bli ramma av våtare og villare vêr i tida framover. Dette vil få store konsekvensar på Vestlandet, med auka risiko for flaum og erosjon, skred, dårleg framkome og regularitet, samt auka behov for beredskap. Når vegar vert stengd på grunn av skred er det ikkje berre framkome som vert ramma gjennom lange omkøyringsvegar, men også innbyggjarane sin kvardag vert utrygg og farefull.

Vestlandsrådet er positiv til den øyremerkte statlege tilskotsordninga til vedlikehald av fylkesvegnettet. Dei økonomiske rammene for tilskotsordninga i 2023 er vesentleg lågare enn gjennomsnittet som vart skissert for NTP-perioden 2022-2033. Det er i 2023 løyvd 389,6 mill. kroner til ordninga over statsbudsjettet, medan det i NTP er lagt opp til ei årleg gjennomsnittleg løyving på 775 mill.kr for åra 2022–2027. Ei kraftig opptrapping av den statlege medfinansieringa for vedlikehald av fylkesvegnettet er derfor naudsynt.

Vestlandsrådet har i oversendt uttale til regjeringa og Stortinget, bedt om auke i det øyremerkte tilskotet til vedlikehald av fylkesvegane i statsbudsjettet for 2024, i tråd med det som er vedteke i samband med handsaminga av NTP 2022-2033.

## **2.5 Finansiering av Interreg-program**

Ulike offentlege og private aktørar i vestlandsfylka har over fleire år delteke i samarbeidsprogram (Interreg) der aktørane har moglegheit til å samarbeide med partnarar i nærliggande regionar eller med heile Europa i felles utviklingsprosjekter.

Prosjekt som fremmer regional utvikling, utveksling av kunnskap og berekraftig økonomisk vekst, mottok økonomisk støtte frå Norge gjennom fleire Interreg-program.

Vestlandsrådet ser med uro på store kutt i årlege løyvingar på statsbudsjettet til Interreg-programma. Dette medfører begrensingar i norske aktører si deltaking i regionale samarbeidsprosjekt. Nordsjøprogrammet, som skal bidra til å sikre ei grøn og bærekraftig framtid for Nordsjøområdet er ekstra hardt ramma av desse budsjettkutta. Den nasjonale finansieringa av dette programmet er pr. i dag redusert med over 67% i programperioden 2021-2027, samanlikna med forrige periode 2014-2020.

Vestlandsrådet vil arbeide for at dette må rettast opp i samband med revidert nasjonalbudsjett og komande statsbudsjett.

## 2.6 Nasjonal transportplan 2025-2036

Vestlandsrådet vedtok å utarbeide eit innspelsdokument med felles transportpolitiske utfordringar og prioriteringar på Vestlandet, for oversending til fylkeskommunane i Vestlandsrådet og arbeidet med høyringsfråsegner til Nasjonal transportplan 2025-2036.

I tillegg til vedtaka om uttale til Nasjonal transportplan 2025-2036 i fylkestinga i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal, vart det også gjort vedtak i Vestlandsrådet om NTP-uttale.

Dette vedtaket la til grunn utfordringar og behov omtalt i det nemnte innspelsdokumentet, samt vedtaka i dei tre fylkeskommunane om høyringsuttale til Nasjonal transportplan 2025-2036.



## 2.7 Nullutsleppsteknologi i ferje- og snøggåtdrifta

Samferdselsdepartementet har i samarbeid med Klima- og miljødepartementet utarbeidd forslag til forskrift med krav om nullutslipp av klimagassar frå ferjer og hurtigbåtar. Samferdselsdepartementet har sendt forslaget på høyring, med høyringsfrist, 1.oktober 2023.

På Vestlandsrådet sitt møte, 28.juni 2023 vart det orientert om at fylkeskommunane i Vestlandsrådet har sett i gang eit utgreiingsarbeid for å få på plass eit felles kunnskapsgrunnlag for den politiske handsaminga av høyringsuttalen i den enkelt fylkeskommune.

I tillegg til vedtak om høyringsuttale i den enkelte fylkeskommune, vart det og lagt opp til at Vestlandsrådet gjennom AU, skulle få framlagt sak om tilsvarande høyringsuttale. AU vedtok høyringsuttale på møte, 28.september 2023.

## 3.0 Uttalar og pressemeldingar frå Vestlandsrådet

Oppsettet under viser uttalar og pressemelding frå Vestlandsrådet i 2023;

Sak	Vedtak	Mottakar	Kopi
Flaumsikring av fylkeskommunal infrastruktur	07.02.23	Olje- og energidepartementet v/olje- og energiminister Terje Aasland	Energi- og miljøkomiteen på Stortinget Hordalandsbenken Sogn og Fjordane-benken Møre og Romsdal-benken Rogalandsbenken

Vått og villare på vestlandet - auka fokus på vegvedlikehald		Pressemelding etter møte i Vestlandsrådet, 07.02.23	
Vått og villare på vestlandet - behov for auka nasjonal satsing på vegvedlikehald av fylkesvegnettet	07.02.23	Samferdselsdepartementet v/samferdselsminister Jon-Ivar Nygård	Transport og kommunikasjonskomiteen på Stortinget Sogn og Fjordane-benken Møre og Romsdal-benken Hordalandsbenken Rogalandsbenken
Høyringsuttale om ekspertutval sitt forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane	07.03.23, AU	Kommunal- og distriktsdepartementet	
Vestlandsrådet - nødvendig med styrka finansiering av Interregprogramma i statsbudsjettet 2024	07.03.23, AU	Kommunal- og distriktsdepartementet v/Kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik	Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget Rogalandsbenken Sogn og Fjordane-benken Hordalandsbenken Møre og Romsdal-benken
Høyring om krav om nullutslipp av klimagasser fra ferjer og hurtigbåter	29.09.23, AU	Samferdselsdepartementet	
Høyringsuttale til Nasjonal transportplan 2025-2036	28.06.23	Samferdselsdepartementet	Transport og kommunikasjonskomiteen på Stortinget

## 4.0 Eksterne møter og arrangement

Følgjande eksterne møter og arrangement vart gjennomført i regi av Vestlandsrådet;

### Møte i Kommunal- og distriktsdepartementet om manglande statleg satsing på Interreg

Mandag 8.mai møtte Vestlandsrådet og Østlandsamarbeidet, statssekretær i KDD, Sigrun Wiggen Prestbakmo, for å drøfte den manglande statlege satsinga på norsk deltaking i Interreg-programma. På møtet vart det understreka kor viktig Interreg er for kommunane og fylka på Vestlandet og Austlandet, og at regjeringa må styrke Interreg-satsinga i statsbudsjettet for 2024. I tillegg må det leggjast opp til ei meir forutsigbar finansiering for den 7-årige programperioden. For Vestlands-rådet møtte leiar Jon Askeland (fylkesordførar i Vestland) og seniorrådgjevar Katharine Louise Clarke. For Østlandssamarbeidet møtte leiar Roger Ryberg (fylkesordførar Viken fylkeskommune), Gunn Marit Helgesen (folkevald i Vestfold og Telemark fylkeskommune og styreleiar i KS), og seniorrådgjevar Ann Irene Sæternes.



Foto: Kathrine Louise Clarke, Vestland fylkeskommune. Frå venstre; leiar i Vestlandsrådet Jon Askeland (fylkesordførar i Vestland), Statssekretær i KDD, Sigrun Wiggen Prestbakmo, Gunn Marit Helgesen (folkevald i Vestfold og Telemark fylkeskommune og styreleiar i KS), leiar i Østlandssamarbeidet Roger Ryberg (fylkesordførar Viken fylkeskommune)

### Vestlandsrådet sette kompetanse til havvindnæringa på dagsorden under Arendalsveka 2023

Vestlandsrådet arrangerte eit vellykka møte under Arendalsveka, der fokus var kompetansebehovet knytt til den komande havvindutbygginga.

Arrangementet var godt besøkt med over 100 personer samla på S/S Statsråd Lehmkuhl tirsdag morgen, 15.august.

Programmet var sett opp over nesten to timar, der kompetansebehovet i industrien, og utfordringen utdanningssektoren har med å «svare på bestillingen» vart belyst.



Fylkesvaraordførar Arne Bergsvåg fra Rogaland, fylkesordførar Jon Askeland fra Vestland og



Opplæringsdirektør i Rogaland fylkeskommune, Eiliv Fougner Janssen, omtalte Rogaland som eit fylke med ungdomar som gjerne vil gå i lære, men møter samstundes på den klassiske utfordringen.....«kor skal elevane ha læreplassane?» Rogaland er det eineste fylket som har opplæring av vindmølleoperatørar, som er ei vidare opplæring av energimontørar. Frank Emil Moen fra det Egersundbaserte selskapet Energy Innovation, oppfordra næringen og bedriftene om å ta inn lærlingane fra vidaregåande skule.

Fra industrien var det eit tydeleg ønske om å få fleire unge til bransjen. Det er eit stort behov for kompetanse, men også etterkvart også kapasitet med hender og hoder, for å legge til rette for eit norsk havvindeventyr.

fylkesordførar Line Hatmosø Hoem fra Møre og Romsdal avslutta to spennande timar om kompetanse i havvindindustrien på Vestlandet. Foto: Iver Jan Leren, Vestlandsrådet

Klaus Mohn, Universitetet i Stavanger og Øyvind Midtbø Berge, Høgskulen på Vestlandet, peikte på at studentane må oppleve at arbeidsplassane er sikre og at løna er konkurransedyktig. Innleiarane påpeikte at omskolering av kompetanse fra andre energisektorer kan bidra til rett kompetanse og arbeidskraft til havvindnæringen.

Fylkesordførarane fra Møre og Romsdal og Vestland, og fylkesvaraordførar frå Rogaland deltok i ein paneldebatt etter møte. Her vart det konkludert med at fylkeskommunane skal gjere sin jobb, men at næringen må bidra til å gjere yrka og arbeidsplassane attraktive.

## 5.0 Økonomi og rekneskap 2023

Oppsettet under viser rekneskapen for Vestlandsrådet i 2023;

<b>Vestlandsrådet 2023</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>
Ordinær kontingent (kr 600.000,- x 3)	1 800 000	
Kontingent næringsstrategi	1 350 000	
Overførte unyttar midlar fra tidligere år	1 442 876	
Sekretariat for Vestlandsrådet		1 000 000
Møteutgifter Vestlandsrådet		6 251
Nettsideside, løpande drift (Origin)		56 814
Konsulenthonorar (NTP-rapport)		95 000
NORA - årlig medlemsavgift (2022)		155 430
Prosjektleiing for Vestlandet		969 093
<b>SUM</b>	<b>4 592 876</b>	<b>2 282 588</b>
Til disposisjon		2 310 288

Alle dei tre fylkeskommunane yter fast ein like stor sum kvar til drifta av rådet på kr 600.000,-. I tillegg kjem samla årleg tilskot i perioden oktober 2022 - oktober 2025 på kr 1.350.000,- til prosjektleiing for oppfølging av næringsstrategien. Dette utgjør kr 450.000,- for kvar av fylkeskommunane pr.år.